



Piis, 5 år gamal, har dei siste vekene hatt ein svært lovande debut som skipskatt.

Det understrekar matmor Mona Kristiansen når uskedalen.no møter dei to i båthamna. Katta ber alle teikn på trivnad der ho sit i buret sitt og Mona slår fast at Piis ikkje har vore sjøsjuk ein einaste gong under ferda kysten rundt frå Oslo. Og det sjølv om dette altså er den første turen hennes til sjøs.

Båten heiter forresten Grunsund og er ein gamal fiskebåt frå Flekkefjord.

Han er kjøpt i Oslo og skal no seglast heim til Leksa, som er ei øy mellom Hitra og Frøya, fortel Mona.

Undervegs har dei vore på slipp i Dåfjord på Stord, men også der oppførte Piis seg eksemplarisk.

Det blir nok fleire turar på bøljan blå for henne!

(Foto: Ola Matti Mathisen)